



Tore Kvalheim

Referansar:

Dykkar:

Vår: 18/6 - 18/6118

Saksbehandlar:

Jan Torry Sande

Jan.Torry.Sande@radoy.kommune.no

Dato:

23.04.2018

## Svar på spørsmål vedkomande sak 02/67 med meir.

Viser til e-post, og telefonsamtale, 18.04.18. Ønskjer å svare på ein del spørsmål som kom opp i samband med dette.

Det vart spurd etter kvifor ikkje alle innsynskrav kom på postlista. Me får innsynskrav på e-post, telefon, i brevform og ved besøk hjå kommunen. Om dokumenta ikkje er graderte vert dei levert ut i samsvar med offentleglova. Det er ikkje krav til journalføring ved innsynskrav jamfør arkivforskrifta §9 siste ledd: «Dokument i saker om innsyn er ikkje omfatta av journalføringsplikta, med mindre dokumenta gjeld eller inneheld ei nærmare grunngjeving, klage, eit krav om betaling for innsyn eller eit spørsmål om korleis innsyn skal givast.»

Årsaka til at ikkje alle saker er tilgjengelege på nett er at Forskrift til offentleglova §6. stiller følgjande krav: «Offentleg elektronisk journal for organ som er omfatta av ordninga etter fyrste ledd, skal innrettast slik at det ikkje skal vere mogleg å få treff på personnamn i innførslar i journalane som er eldre enn eit år».

Den ustempla søknaden av 03.12.2002 vart sendt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet av di den ligg slik i sak 02/67, som dei ønksa innsyn i. Med omsyn til opphavleg orden i saka, den rekkjefølgja dokumenta vart lagt i saka når den vart skapt, skal me ikkje fjerne dokument - jamfør arkivforskrifta §20. Den ustempla søknaden av 03.12.2002 har vorte lagt i sak 02/67 etter vurdering av sakshandsamar.

Med helsing

Jan Torry Sande  
arkivansvarleg

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

**Post**

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

**Kontakt**

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



**RADØY**  
den grønne øya

**Mottakarar:**  
Tore Kvalheim